



UiT Norges arktiske universitet

Studieplan

Mastergradsprogram i historie

120 studiepoeng

Tromsø

Studieplanen er godkjent av styret ved Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning 24.9.2025.

Gjelder fra høst 2026



Navn på studieprogram	Nynorsk: Mastergradsprogram i historie Bokmål: Mastergradsprogram i historie Master's Degree Programme in History
Oppnådd grad	Master i historie
Målgruppe	Masterstudiet i historie er retta mot studentar som ønskjer å spesialisere seg i historiefaget for å kvalifisere seg for arbeid i privat og offentlig sektor, til forskarutdanning eller ønskjer eit solid fagleg fundament for utvikling av eigen individuell yrkeskarriere.
Opptakskrav, forkunnskapskrav, anbefalte forkunnskaper	Opptak til masterstudiet i historie krev ein avlagt bachelorgrad eller tilsvarande med ei fordjuping på minimum 80 studiepoeng i historie. Fordjupinga skal ha ein progresjon der minimum 30 studiepoeng er på 2000-nivå (påbyggingsnivå) eller tilsvarande. Fagleg minstekrav for opptak er karakteren C, som blir regna ut frå eit gjennomsnitt av karakterane i fordjupinga.
Læringsutbytte-beskrivelse	Kunnskap og forståing Kandidaten • har eit omfattande og avansert realhistorisk kunnskapsgrunnlag og spesialisert innsikt på særskilte område av historiefaget • har inngåande kunnskap om historiefagets metode, tradisjonar og samfunnsmessige eigenart • har ei kritisk og sjølvstendig haldning til kjeldemateriale og faglege framstillingar • har ei avansert forståing av kva som skaper samfunnsending over tid Ferdigheiter Kandidaten • kan handtere store informasjonsmengder og kan systematisere, strukturere, dokumentere og framstille historisk fagstoff på ein fagleg forsvarleg og etterretteleg måte

	• kan analysere historiefaglege problemstillingar med utgangspunkt i historiefagets teori, metode og forskingshistorie • kan nytte fagleg og teoretisk kunnskap på fleire område innan fagdisiplinen historie • kan sjølvstendig framstille historiske fenomen eller problemområde både munnleg og skriftleg, ved hjelp av historiefaglege teoriar, metodar og fagets forskingshistorie • kan under rettleiing gjennomføre eit sjølvstendig, avgrensa forskingsarbeid basert på empirisk kjeldemateriale og fagets teori og metode, i samsvar med gjeldande forskningsetiske normer • kan oppdatere kunnskapen sin innan fagdisiplinen historie og nytte kunnskapen på nye fagområde innan historiefaget Kompetanse Kandidaten • kan utføre ein historiefagleg analyse og gje ei god framstilling av problemområdet • kjenner historiefagets eigenart og har kunnskap om faget sine omgrep og uttrykksformer • kan greie ut, analysere og strukturere store mengder med avansert informasjon på ein fagleg forsvarleg og etterretteleg måte • kan formulere og kommunisere avanserte sider ved historieforskning og utgreiingsarbeid til både spesialistar og allmenta • kan problematisere og reflektere rundt omgrep, teoriar og metode innan historiefaget • kan på ein sjølvstendig måte initiere og formulere idear og prosjekt, det vil seie nytenking og innovasjon innan fagdisiplinen historie
Faglig innhold og beskrivelse av studiet	Masterstudie i historie gjev inngåande kunnskap i historiefaglege problemstillingar, fagets tradisjonar, metode og teori. Studiet gjev avansert realhistorisk kunnskap om utvalde tema på forskingsfelt som dei tilsette ved instituttet forskar på. Gjennom studiet får ein kompetanse i å kunne handtere, dokumentere og systematisere store informasjonsmengder på ein forsvarleg måte. I arbeidet med masteroppgåva får ein under rettleiing kunnskap om korleis utvikle forskingsdesign til eige prosjekt, utvikle problemstillingar og forskingsspørsmål, finne og nytte relevant teori, metode og

forskingslitteratur, finne fram til og gjere bruk av eit kjeldemateriale der sluttproduktet skal vere eit sjølvstendig forskingsarbeid.

Masterstudiet gjev ei blanding av spesialisert og generisk kunnskap og ferdigheiter som er relevant for arbeid i ulike sektorar og ei rekkje yrker. Det er obligatorisk med hospitering på arbeidsplass, 5 dagar, i første semester.

Studiet er bygd opp med fire bolkar; masterprosjekt (70 stp), historieteori og historiebruk (20 stp), realhistorisk fordjuping (20 stp) og berekraftig innovasjon (10 stp).

Masterprosjekt (70 stp) består av totalt tre emne som strekker seg frå første til fjerde semester. Arbeidet med masterprosjektet gjev studentane erfaring, under individuell rettleiing, med å utvikle forskingsdesign, finne fram til og gå gjennom litteratur innanfor eit avgrensa forskingsfelt, finne fram til og vurdere eit kjeldemateriale kjeldekritisk og gjennomføre eit avgrensa forskingsprosjekt frå start til mål. Arbeidet med masterprosjektet startar første semester med *HIS-3001 Forskingsdesign med metode* (10 stp) der studentane under rettleiing arbeidar fram ei prosjektskisse for mastergradsoppgåva. Studentane står relativt fritt til å velje tema og periode for sitt mastergradsprosjekt, føresetnaden er at instituttet har rettellingskompetanse. I prosjektskissa gjerast det greie for tema for oppgåva, forskingsfeltet, kjeldesituasjonen, val av problemstilling og forskingsdesign – altså kva for metode og teori som skal nyttast – og det skal utarbeidast ein framdriftsplan for arbeidet med oppgåva. Basert på den godkjente prosjektskissa får studentane i starten av andre semester tildelt rettleiar for det vidare arbeidet med masteroppgåva. No startar arbeidet med *HIS-3901 Mastergradsoppgåve i historie* (20 av 50 stp). Eit omfattande og krevjande arbeid som, sjølv om det skjer under rettleiing, stiller store krav til studentane sin arbeidsinnsats og sjølvstendigheit. For dei fleste av studentane vil det dette semesteret vere naturleg å arbeide med innleiingskapitlet – og då særleg teori- og methodedelen – samt kome i gang med kjeldearbeidet. I løpet av semesteret legg studentane fram eit skriftleg kapittelutkast på det obligatoriske masterseminaret. Studentane tar dette semesteret også *HIS-3008 Forskingslitteratur* (10 stp). Emnet er ei fordjuping i historiefaget si historie – historiografi – kombinert med målretta arbeid for, under rettleiing, finne fram til relevant nasjonal og internasjonal forskingslitteratur knytt til tema og problemstilling for eiga masteroppgåve. Med utgangspunkt i eige mastergradsprosjekt skal studentane skrive ei semesteroppgåve som drøftar og analyserer forskingslitteraturen. Arbeidet med *HIS-3901 Mastergradsoppgåve i historie* held fram i fjerde semester (30 av 50 stp). I dette semesteret arbeider studenten på heiltid med ferdigstilling av oppgåva.

	Framlegging og deltaking på masterseminaret er obligatoriske arbeidskrav. Innlevering av masteroppgåva er normalt i midten av mai. Studiet blir avslutta med munnleg eksamen med utgangspunkt i masteroppgåva, dette skjer normalt frå slutten av mai og fram mot 23. juni. <u>Historieteori og historiebruk</u> (20 stp) består av to emne, kvar på 10 stp, i første semester som kvar på sitt vis tar opp ulike historievitskaplege problemstillingar. <i>HIS-3003 Historieteori</i> tematiserer aktuelle og sentrale historievitskaplege problemstillingar, teoriar og strøymingar relevant for historieforskning og tolking av fortida. <i>HIS-3004 Historiebruk</i> er rette mot på kva vis fortellingane om fortida blir brukt i vid forstand. Emnet ser på bruken av historia og av historiebevissthet på ulike områder som til dømes innan populærkultur, kulturvern, museum, skoleverk og kulturforvaltning og ser også på korleis fortida blir brukt i skaping av kollektive identitetar og minnekulturar. Som del av emnet HIS-3004 er det er obligatorisk med 5 dagars hospitering. Aktuelle arbeidsplassar kan til dømes vere museum, arkiv og bibliotek, offentleg forvaltning eller media. Studentane er inviterte til å kome med ønske om kor dei vil hospitere. <u>Realhistoriske fordjuping</u> (20 stp) består av to emne, kvar på 10 stp, i tredje semester. Emna, HIS-3031 og HIS-3032, tar utgangspunkt i pågåande forskning innan sentrale forskingsfelt ved instituttet og går i djupta på den teoretiske, metodiske og realhistoriske konteksten denne forskinga inngår i. Kva for realhistorisk tema og kva for historisk periode som dei omhandlar vil variere frå år til år. <u>Berekraft og innovasjon</u> (TVR-3000 <i>Sustainability and Innovation</i>, 10 stp) er eit fellesemne for alle disiplinfaglege studieprogram på UiT der studentane arbeidar ilag i på tvers av fag. Masterprogrammet i historie er eit heiltidsstudium ved UiT campus Tromsø. Første og tredje semester (haust) er det undervisning på campus gjennom heile semesteret mens undervisninga andre og fjerde semester i hovudsak er samlingsbasert. Det er lagt til rette for å reise på utveksling i tredje semester. Alle emna har obligatoriske arbeidskrav som må vere godkjent før ein kan gå opp til eksamen.
Tabell: oppbygging av studieprogram	

*Namn på emne ikkje klart.

Semester	10 studiepoeng	10 studiepoeng	10 studiepoeng
1. semester	HIS-3001 Forskningsdesign med metode	HIS-3003 Historieteori	HIS-3004 Historiebruk
2. semester	HIS-3008 Forskingslitteratur	HIS-3901 Mastergradsoppgåve i historie (20 av 50 studiepoeng)	
3. semester	HIS-3031 «Realhistorie 1»*	HIS-3032 «Realhistorie 2»*	TVR-3000 Sustainability and Innovation
4. semester	HIS-3901 Mastergradsoppgåve i historie (30 av 50 studiepoeng)		

Undervisnings-, lærings- og vurderingsformer

Undervisninga vekslar mellom førelesingar, seminar, workshop, institusjonsbesøk samt kollektiv og individuell rettleiing. Undervisningsform og omfang er nærare formulerte i dei enkelte emneskildringane.

Læringsformene er varierte og vekslar mellom sjølvstudium av pensum og faglitteratur, munnlege framlegg og deltaking i diskusjonar, skriftlege oppgåver, arbeidskrav og refleksjonsnotat, hospitering på arbeidsplass, skriftlege framlegg på seminar, munnlege opposisjonsinnlegg. Studentane har gjennom heile studiet ein aktiv rolle i læringsprosessen der dei tileignar dei seg kunnskap om historiefaget sin teori, metode og faghistorie, kunnskap dei sjølv nyttar aktivt i arbeidet med masteroppgåva. Oppbygginga av studiet legg til rette for fagleg refleksjon og mogning. Gjennom dei ulike undervisnings- og læringsformene får studentane høve til å fokusere fagleg og studere viktige tema ut frå ulike tilnærmingar.

Studentane møter gjennom studiet ulike vurderings- og eksamensformer, og dei får individuell tilbakemelding både munnleg og skriftleg. Dei ulike emna har vurderings- og eksamensformer tilpassa læringsmåla på emna. Alle eksamenane er individuelle. Eksamensformene som blir nytta er heimeeksamen, semesteroppgåve, munnleg eksamen og prøveførelesing. Eksamensform er spesifisert i dei enkelte emneskildringane.

	Alle emna blir vurderte etter karakterskalaen A–F, der A er beste karakter, E er dårlegast og F er stryk (ikkje bestått). Det er høve til å gå opp til kontinuasjonseksamen ved karakteren F. Unntaket er emne <i>HIS-3001 Forskingsdesign med metode</i>, som har evalueringsforma greidd/ikkje greidd. Ved dokumentert sjukdom blir det arrangert utsett eksamen påfølgjande semester. Med unntak av <i>HIS-3900 Mastergradsoppgåve i historie</i> er det ikkje høve til å avleggje eksamen i undervisningsfrie semester. Vurderingsformar HIS-3001 (10 stp): Semesteroppgåve, greidd/ikkje greidd. HIS-3003 (10 stp): Heimeeksamen, karakterskala A–F HIS-3004 (10 stp): Prøveforelesing (førebygg munnleg presentasjon), karakterskala A–F HIS-3008 (10 stp): Semesteroppgåve, karakterskala A–F HIS-3901 (50 stp): Masteroppgåve med munnleg, karakterskala A–F
Relevans	Fullført studium gjev kompetanse innan historiefaget sin teori og metode, i korleis historie blir nytta på ulike vis, i historiefaget si historie (historiografi), i korleis finne fram til og aktivt gjere bruk av relevant forskingslitteratur, korleis oppdatere fagkunnskapen og korleis arbeide fram eit forskingsprosjekt. Gjennom emna i opplæringsdelen og i arbeidet med masteroppgåva får studentane erfaring med, og kunnskap om, samanstilling av komplekse saksområde og kritisk tekstanalyse. Sjølv om studiet og arbeidet med masteroppgåva er fagspesifikk, er mykje av kompetanse generisk i sin form. Med mastergrad i historie er moglegheitene for yrkeskarriere mange og varierte. Kandidatar med mastergrad i historie finn sitt virke innanfor skole- og utdanningssektoren, kultursektoren, arkiv, media og museum og i ei rekkje ulike yrker i privat og offentleg sektor. Kandidatar med særskilde gode resultat på mastergrad i historie er kvalifiserte til å søkje opptak til doktorgradsstudium (ph.d.-grad).
Arbeidsomfang	Master i historie er eit fulltidsstudium og for å nå læringsmål er det forventa at studentane arbeider jamt gjennom studiet, og at dei brukar rundt 40 timar i veka på studia, inkludert førelesingar,

	seminar og sjølvstudium, tilsvarande omlag 1700 timer kvart studieår.
For masteroppgaver/ selvstendig arbeid i mastergradsprogram	<i>HIS-3901 Mastergradsoppgåve i historie</i> (50 studiepoeng) er eit sjølvstendig arbeid som strekkjer seg over fleire semester og som blir utført individuelt. <i>HIS-3901 Mastergradsoppgåve i historie</i> er del av bolken <u>Masterprosjekt</u> (70 stp). Bolken består av totalt tre emne som strekker seg frå første til fjerde semester. Arbeidet med masterprosjektet startar første semester med <i>HIS-3001 Forskingsdesign med metode</i> (10 stp) der studentane under rettleiing arbeidar fram ei prosjektskisse for mastergradsoppgåva. Det påfølgjande semesteret tar studentane <i>HIS-3008 Forskingslitteratur</i> (10 stp). Emnet er ei fordjuping i historiefaget si historie – historiografi – kombinert med målretta arbeid for, under rettleiing, finne fram til relevant nasjonal og internasjonal forskingslitteratur knytt til tema og problemstilling for eiga masteroppgåve. Med utgangspunkt i eige mastergradsprosjekt skriv studentane ei semesteroppgåve som drøftar og analyserer forskingslitteraturen dei har funne fram til. (For fleire detaljar sjå under "Faglig innhald og beskrivelse av studiet») Kvar student får oppnemnt eigen rettleiar, normalt i starten av andre semester. Rettleiaren har særskilt ansvar for å følgje opp studenten sitt arbeid med masteroppgåva. Framlegging og aktiv deltaking på masterseminaret er obligatoriske arbeidskrav. I løpet av studiet er det eit krav at studentane legg fram minimum to skriftlege kapittelutkast frå arbeidet med masteroppgåva på masterseminaret. Arbeidet med masteroppgåva er fordelt over to semester, først 20 studiepoeng i andre semester og så 30 studiepoeng det fjerde og siste semesteret. Den ferdige oppgåva skal vere på 65–95 sider og blir vurdert med skriftleg sensur og påfølgjande munnleg eksamen.
Undervisnings- og eksamensspråk	Undervisningsspråk er primært norsk eller anna skandinavisk språk. Eksamensspråk er norsk eller andre skandinavisk språk. Andre språk kan nyttast etter søknad. Unntaket er <i>TVR-3000 Sustainability and Innovation</i> der undervisningsspråket er engelsk og eksamensspråket er norsk eller engelsk.
Internasjonalisering	Gjennom pensum og førelesingar blir studentane gjort kjende med internasjonal litteratur og forskning. I arbeidet med masteroppgåva vil studentane i regelen ta inn og gjere seg nytte av internasjonal

	litteratur og forskning. Ut frå masteroppgåva sin tematikk og innretning vil den internasjonale orienteringa variere noko, men den vil på eit eller anna vis alltid vere tilstades, det vere seg empirisk, historiografisk, teoretisk eller metodisk.
Studentutveksling	Det er lagt til rette for å reise på studentutveksling til utlandet i tredje semester. Studentar som reiser på utveksling tar emne ved vertsuniversitetet tilsvarende inntil 30 studiepoeng på 3000-nivå. HSL- fak har kvalitetssikra utvekslingsavtaler med fleire universitet i ulike land UiT har i tillegg ei rekkje avtaler med universitet over heile verda, fleire av desse er det etter særskilt søknad til programstyret mogleg å reise på utveksling til. Kontakt internasjonal koordinator eller sjå AHR sine nettsider for oppdatert liste over universitet med utvekslingsavtaler for MA i historie. Kva for emne dei utanlandske universiteta tilbyr kan variere frå år til år, og semester til semester. Før utreise må studenten ha ei førehandsgodkjenning frå rettleiar på val av emne som skal godkjennast som del av studiet. Endeleg godkjenning skjer etter søknad til UiT med dokumentasjon på bestått eksamen i dei tilrådde emna tatt ved utvekslingsuniversitetet. Ansvar for at studieprogrammet har oppdaterte og bindande utvekslingsavtaler har Institutt for arkeologi, historie, religionsvitenskap og teologi (AHR) og Fakultet for humaniora, samfunnsvitenskap og lærarutdanning (HSL-fakultetet) i fellesskap. Studieprogramleiar i historie er ansvarleg for at utvekslingsavtalene er fagleg relevante. Det administrative ansvaret for utvekslingsavtalene har internasjonal koordinator ved UiT.
Administrativt ansvarlig og faglig ansvarlig	Administrativt ansvarleg for masterprogram i historie er Fakultet for humaniora, samfunnsvitenskap og lærarutdanning (HSL-fakultetet). Fagleg ansvarleg er studieprogramleiar for historie ved Institutt for arkeologi, historie, religionsvitenskap og teologi (AHR), UiT Norges arktiske universitet.
Kvalitetssikring	Programstyret i historie kvalitetssikrar og utviklar studieprogrammet kvart år. I løpet av ein programperiode (= 2 år) skal alle obligatoriske emne som inngår i studieprogrammet evaluerast. Kvart år evaluerer Studieprogramleiar heile programmet, første gong etter studieåret 2026-27. Evalueringa skal resultere i ein

	skriftleg rapport, eventuelt med forslag til tiltak og endringar, som går til institutstyret ved AHR.
--	---

